



Landbruks- og matdepartementet
Postboks 8007 Dep
0030 OSLO

Høyring av ny forskrift om kvoteordning for mjølk

Vi viser til brev datert 18.11.2010 der de sender ut ny forskrift om kvoteordninga for mjølk til høyring.

Vårt inntrykk er at den nye forskrifta opnar for større fleksibilitet, og at dette i stor grad er positivt for mjølkeprodusentane. Det er likevel enkelte viktige prinsipp vi vil peike på, og som ei kort oppsummering kan ein seie at vi er opptekne av å behalde produksjonsregionane uendra, produksjonstaka uendra, og særrettane for mjølkesamdrifter uendra – også for føretak med ein samla produksjon under 400 tonn for ku- og under 200 tonn for geitemjølk.

Her presenterer vi våre synspunkt nærare:

1. Formål, geografisk avgrensing og maksimalkvote

Vi ser positivt på at omsynet til distriktsprofil og variert bruksstruktur er to viktige sideformål med kvoteordninga, men vil peike på at desse måla ikkje er formulerte i forskrifta. Det vert opp til Stortinget å formulere sideformåla, medan berre hovudformålet om å tilpasse mjølkeproduksjonen til avsetningsmoglegheitene i marknaden ligg i forskrifta. Sideformåla bør spesifiserast i formålet.

For oss er det *avgjerande* viktig at fylkesgrensene ligg fast som geografisk avgrensing for flytting av mjølkekvote. Vi trur det ville få svært negative konsekvensar for distriktsprofil og bruksstruktur om dei geografiske avgrensingane vart endra, med ein netto kvotestraum til meir sentrale jordbruksstrøk som resultat.

På same måte ser vi det og som positivt at ein vil føre vidare dagens grenser for maksimalkvote med 400 tonn kumjølk eller 200 tonn geitemjølk, og 750 tonn for samdrifter. Vi meiner dette i stor grad kan gi rom for dei produsentar som har ønske om vekst og utvikling i sine føretak, samstundes som det sikrar stabilitet og bruksstruktur etter formålet.

2. Nye avgrensingar av samdrifter

Vi meiner det vil få *svært negative* konsekvensar om særskilt regelverk for samdrifter vert avvikla for driftseiningar under eit produksjonstak på 400 tonn kumjølk og 200 tonn geitemjølk. Vi er ikkje samde i at dette i hovudsak dreier seg om fellesføretak som består av ein aktiv og ein eller fleire passive eigarar. Ei slik endring vil ramme mange ute i distrikta, der deltakarar i slike samdrifter i stor grad har små bruk med fleire

produksjonar som ein fornuftig måte å innrette seg på i høve til topografi, klima og gardens ressursar elles.

Ordninga med samdrift også for driftseiningar som til saman produserer under 400 tonn kumjølkk og 200 tonn geitemjølkk bør oppretthaldast fordi:

- Deltakarar i samdrifter kan drive annan husdyrproduksjon i eige fjøs og på den måten oppretthalde aktiv produksjon og busetjing på fleire bruk i bygda.
- Fleire små produsentar kan gjere investeringar i nye driftsbygningar om dei går saman, der alternativet gjerne hadde vore ei nedlegging på grunn av for store investeringsbehov.
- Mange av samdriftene i denne storleiken i vårt område er danna nettopp fordi det er gjort relativt nye investeringar i mjølkeproduksjon. Ein må vere svært forsiktig med å gjere for store endringar i rammevilkåra for desse.
- Det legg til rette for oppretthald av eit godt fagleg og sosialt miljø i bygda.
- Samdrift gir moglegheit for arbeidsdeling og uttak av ferie og fritid, og opnar for å kombinere gardsdrift med anna arbeid.
- Ei grense på 400 tonn kumjølkk/200 tonn geitemjølkk kan føre til at samdrifter under grensa vil kjøpe/leige kvote for å komme over grensa, sjølv om dei ikkje har moglegheit for å produsere slike mengder. Dette kan skape kunstig stor etterspurnad om kvotekjøp og dertil høge prisar.
- Bortfall av særrettane for samdrifter for denne gruppa av produsentar vil utgjere ei dramatisk endring i føresetnader for drift. Driftsopplegg og store investeringar er gjort med bakgrunn i gjeldande regelverk, og vil setje mange produsentar i ein alvorleg økonomisk situasjon.
- Vi kan ikkje sjå at intensjonen med å ta vekk desse særrettane for samdrifter under 400 tonn/200 tonn kan vere viktige nok til å vege opp for dei store ulempene det påfører dei ramma produsentane.
- Vi har ikkje lenger ein overproduksjonssituasjon på kumjølkk og vi kan ikkje sjå at det er rett å gjere endringar i regelverket som vil føre til at vi får enda færre produsentar.
- Fleire og fleire av dei som er “passive” går heilt ut av produksjonen og samdrifter løysast opp i aukande grad. Vi trur utviklinga går fort nok i retning færre produsentar innanfor dagens regime, om ikkje ei ny forskrift skal framskande denne utviklinga.
- Mange av samdriftene er eit resultat av ein tidlegare ønska politikk der det vart stimulert til omfattande samarbeid i mjølkeproduksjonen.

Vi ønsker fortsatt moglegheit for å organisere samdrifter også for dei som leverer under 400/200 tonn, og meiner at regulering av talet på deltakarar bør opphevast. Vi finn det *spesielt uheldig* at forskrifta skal vere til hinder for gode løysingar i grender der fleire enn 5 produsentar finn det formålstenleg å organisere drifta si i ei mjølkesamdrift.

Om det opnast for at deltakarar i desse samdriftene kan leige kvote på lik linje med enkeltbruk, vil det truleg medverke til at “passive” samdriftsdeltakarar heller vil leige ut kvoten sin til samdrifta. På den måten vil dette stimulere til at vi får einingar med større evne til tilpassing, og der deltakarane er aktive i- og har felles interesse i mjølkeproduksjonen. Dette vil vere positivt.

3. Bidrag til nyetablering/rekruttering

Vi ser positivt på at forskrifta opnar for leige av kvote utan at det ligg kvote til leigetakar sin landbrukseigedom frå før. Same syn har vi og på at det opnast for å kjøpe kvote privat utan at det ligg kvote til kjøpar sin landbrukseigedom frå før. På den måten kan ein få rett på å kjøpe kvote frå staten allereie det første året. Dette senkar terskelen for nye/unge til å etablere seg i mjølkeproduksjonen og er ei sterkt ønska utvikling.

Oppheving av kravet som ligg i dag om at sovande kvote må vekkjast til live med produksjon i to år på eget bruk før den kan omsetjast fritt, kan også ha positive konsekvensar for ny-etablerarar.

4. Omsetning av kvote

Vi ønskjer framhald av dagens ordning med kvoteleige, men og at medlemmer i samdrifter skal kunne leige kvote på lik linje med enkeltbruk. Vi finn det rimeleg at eigar av kvote kan leige ut eller selje delar av kvoten, gjerne med ei nedre grense som regulerer volumet, til dømes 10.000 liter. Ei nedre grense for lengd av leigeavtalar kan vere fornuftig for å sikre behov for langsiktige og trygge produksjonsvilkår for dei aktive produsentane.

Med unntak i kortvarige ønskje om å posisjonere seg, ser vi ikkje særlege behov for både å kunne leige og samtidig vere utleigar av kvote. Meir sannsynleg vil dette opne for dei som vil gjere forretning i utleige av kvote til ein høgare pris enn prisen i sin eigen leigeavtale. Med til dømes eit krav om minimum 5 års leigeavtalar, vil dette verte meir uaktuelt.

På same måte som ei nedre grense på til dømes 5 år for avtalar om kvoteleige vil sikre tryggleik for produsenten, vil det vere fornuftig med ei øvre grense for kor lang tid ein kan leige ut ein kvote. Dei aktive produsentane må sleppe til og få kjøpe sine produksjonsrettar, framfor å vere knytt til leigeavtalar i det uendelege. Vi må ikkje leggje til rette for leilendings-jordbruk i Noreg på 2000-talet. Det er omsynet til dei aktive produsentane som må vege tyngst i høve til dei som vil avvikle eller allereie har avvikla sin mjølkeproduksjon for mange år sidan. Ut ifrå dette meiner vi at ein kan sette krav om sal av kvoter som har vore leigd ut i meir enn 10 år.

Forslaget om ein ny fordelingsmekanisme ved større etterspurnad enn tilbod av kvote på den statlege marknaden er bra. No vil ikkje lenger fordelinga vere i favør av dei største produsentane, og alle får dei same moglegheiter for å gjere kvotekjøp.

5. Sovande kvote

Av omsyn til å opne for at unge/nye produsentar lettare skal kunne etablere seg i mjølkeproduksjon ser vi positivt på at krav om 2 års produksjon på eget bruk, før innehavar av sovande kvote kan omsetje den fritt, fell bort.

Vi er meir usikre på om det er rett å la også sovande kvoter frå tidlegare få ta del i denne oppmjukinga av regelverket. Effekten vil bli ulik om all sovande kvote kjem ut i marknaden på same tid eller gradvis. På den eine sida vil kanskje marknaden for kumjolk takle ei auka mjølkemengd i den storleik som er skissert i høyringsutkastet, utbodet av tilgjengeleg kvote vil auke, og prisane truleg felle. På andre sida vil det krevje at dei aktive produsentane må reise ein betydeleg kapital for å ta del i dette oppkjøpet.

Vi meiner eigarar av allereie sovande kvoter skal følgje dei reglar som gjaldt da dei gjekk ut av produksjon, sidan produsentane var kjend med krava for aktivering av kvote som gjaldt den gongen. Det vil ikkje ligge landbrukspolitiske motiv til grunn for at desse skal gis høve til å kapitalisere ein verdi dei allereie har gitt frå seg, berre eit eventuelt omsyn til rettferd.

Når det gjeld geitemjøl, vil volum av sovande kvote heilt klart representere ei utfordring for marknaden, og såleis kunne verke negativt for mange aktive produsentar i dag.

Regelen om sal av minimum 50% av kvote til staten, vil gje staten høve til å regulere marknaden noko ved å dra inn kvote i ein situasjon som denne. Det er positivt at denne retten først vidare.

Med helsing

Ottar Longva (e.f.)
Fylkesjordsjef

Janne M. Mork